

 **Fjelberg Kraftlag**

www.fjelberg-kraftlag.no

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
0411944-218	
DATO - 3 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Vår dato
28. februar 2005

Vår referanse

Dykkar referanse

HØYRINGSSAK OM NOU 2004:26 HEIMFALL

Me syner til brev av 01.12.04 med kort orientering om NOU:26 Heimfall.

Heimfallsaka gjeld eigarskap til vasskraftsektoren og gjeld vitale verdiar for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar.

Fjelberg Kraftlag er deleigar i Sunnhordland Kraftlag som i dag har tidsubegrensa konsesjonar. Me meiner den norske stat må avklara kva betydning EØS – avtalen har for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar. Slik saka no står må den ikkje behandlast før det ligg føre grundige konsekvensutgreiingar.


Sidan det berre er om lag 6,5% av produksjonsverka som er private, burde det vera enkelt å gje også desse tidsubegrensa konsesjonar, dvs. ikkje heimfall til staten. Ein ville då fått like vilkår for all kraftproduksjon i landet.

Eit tungt og spredt offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må framleis stimulera til slikt eigarskap.

Mindretalet sitt forslag gir rimeleg balanse mellom omsyn til offentleg eigarskap på kort og lang sikt. Det same gjeld omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar.

Fleirtalet sitt forslag gir insentiver til rask salg av offentlege eigardelar, og ivaretek korkje dei nasjonale interesser eller omsynet til kommunale og fylkeskommunale eigarar, som framleis ønskjer eigarskap.

Med helsing
P/L Fjelberg Kraftlag


Tefje Enes
(dagleg leiar)